

## Årsmedling frå styret i Omvikdalen idrettslag 2019

### **Styret har i 2019 vore samansett slik:**

Leiar: Kjartan Thoresen

Nestleiar: Malin Tvedt

Kasserar: Frode Aaseth

Skrivar: Vegard Hjelmeland

Medlemsansvarleg: Hildegunn Furdal

Varamedlem med møteplikt: Benedichte Indergård

Varamedlem: Åsmund Hjelmeland

Turn, idrettsmerkutval, økonomi, tur og ski er nemder som har hatt aktivitet i 2019. Kvar av desse har eigne årsmeldingar. «Ikkje dytt» har ikkje hatt aktivitet i 2019.

Etter nokre rundar fekk valnemda på plass ny leiar og nestleiar i styret. Det er ingen som står på val på årsmøtet for 2019, men det vil truleg bli ein del utskiftingar etter 2020, slik at valnemda må bruka tida som kjem for å få på plass folk i styret og nemdene.

Talet på medlemmer gjekk noko ned når ein i 2018 gjekk over til elektronisk medlemskap, men vi ser at det ikkje har gått ytterlegare ned i 2019.

Styret har hatt 6 styremøter i 2019, 3 med nemdene. I september vart det aktivtetsdag, i oktober Aterstadtrimmen, og i slutten av november hadde vi julematine. Alle arrangementa var vellukka med mange deltakarar. Grenda hadde ein fin artikkel frå aktivtetsdagen der folk fekk lesa om laget sin aktivitet. Vi ser at det er utfordrande å finne tidspunkt for slike arrangement som passar for alle. Stor aktivitet og mange andre arrangement heile året gjer at vi må tola at ikkje alle får vera med på alt.

I haust søkte idrettslaget og bondelaget på midlar frå sparebankstiftinga til ein hjartestartar. Vi fekk tilslag og hjartestartaren er no sett opp ved skulen.

Styret vil takka alle aktive og frivillige som har delteke som i aktivitetane til Omvikdalen idrettslag i 2019.

For styret, Kjartan Thoresen.